

Ny tekst til møte i kommunestyret sak 041/21. Var ettersendt til forvaltningsutvalet sitt møte 3.6.21.

Gjeld fagkonsulent sine kommentarar (raud farge) til to punkt (grøn farge) i ein av nabomerknadane, som ikkje var svart opp i det opphавеleg innsendte planmaterialet.

NABO BJØRN HELLE, 28.12.2020

Meiner prosjektet ikkje er særleg redusert, og at det er altfor stort til å liggja så nært deira eigedomar. Utbygginga vil føre til at utsikten deira vert totalt forandra.

Meiner grunntilhøva ikkje er godt nok utgreidd.

Meiner det er teke for lite omsyn til dvergålegraset. Har spørsmål kring bandleggingssona. Viser elles til tidlegare utgreiingar vedkommande dvergålegraset.

Lurer på kva måla for ferdig golv vert målt ut frå.

Meiner båtgarasjar ikkje treng byggjast i strandsona. Visar til andre kjende artar i området, både raudlista og svartelista.

Vegen som går forbi området er mykje nytta, er smal og ikkje dimensjonert for auka trafikk.

VÅRE KOMMENTARAR:

Prosjektet er redusert både i talet på bygningar, tiltak i sjø og storleiken til bygga.

Grunntilhøva er vurdert, og vil bli vidare vurdert ved detaljprosjektering av bygningane.

Når det gjeld dvergålegraset og andre artar, så viser vi til planskildringa og kommentarar over. Bandleggingssona handlar om å synleggjere at dette er eit areal som skal takast særskild omsyn til. Utbyggerane har sagt at det kan settast opp informasjonsskilt på båtgarasjane.

Måla for høgde på golv er sett ut frå middelasstand som ein reknar koter i kart ut frå.

Gjerdsgardane har rettar der båtgarasjane er planlagt som dei vil utnytta. Når det gjeld referanse til 3.8 i føresegnene til kommuneplanen, så er dette ei retningsline som gjeld 3.8, og ikkje ei føresegn. Rett ovanfor står ei føresegn for området NA1 som er dette området(sjå utklipp). Det er rettane som er omtala i føresegna som nå skal nyttast til ei redusert utbygging med båtgarasjar i staden for naust med bryggeanlegg.

Føresegner:

- 3.8.1 Naust skal nyttast til oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Det er ikkje høve til å omdisponera eller nytta naust som fritidshus eller bustad. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor naust og mellom naust/naustgrupper. Ei naustgruppe kan maksimum ha 3 samanhengande naust. Det er ikkje tillete med gjerde/ levegg eller andre stengsler ved naust. Naust skal oppførast i ein etasje, ha ei grunnflate på maksimalt 40 m². Det skal nyttast saltak, med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader. Mønehøgð skal vera under 5 meter, og dagslysflata for vindaug skal ikkje overstige 3 %. (Pbl § 11-11 nr. 2).
- 3.8.2 **NA1:** Eksisterande naustrettar tilhøyrande Gjerdsgardane skal byggjast i samanheng sør i området. I resten av naustområdet skal det vere fellesanlegg med opningar, grønne lunger med vegetasjon, mellom gruppe av naust. Ein skal samle mest mogleg felles funksjonar (båtopptrekk, tilkomst, parkeringsplass, brygger, felles opphaldsplass osv.). Nausta i gruppene skal ha same utforming. Det skal vere høg utnytting: Storleik på naust skal maksimalt vere 40 m² grunnflate. Naust skal ha saltak med ein takvinkel på mellom 35 og 45 grader. Altan/ utkraging er ikkje tillete. Det er ikkje tillete med gjerder, levegg eller andre stengsle i naustområdet. Naust skal ikkje brukast til overnatting. Båtopptrekk og/eller andre nødvendige konstruksjonar skal vere lov å bygge framfor funksjonell strandsone. (Pbl § 11-11 nr. 2).

Retningslinjer:

- Regulering av naustområde må ikkje skje i område som bør reserverast for rekreasjon, friluftsliv, båttilkomst, eller der det kan vere til hinder for biologisk mangfald og natur.

Når det gjeld vegen, så vil desse tiltaka føre til svært liten auke i ÅDT.